

10.trinn - veke 36 og 37

Frøyland ungdomsskule

Kontaktlærer **10A**: Signe Vartdal Carlsen og Stig Rune Elvedahl

Kontaktlærer **10B**: Dagny Markhus Skretting og Rune Pedersen Bore

Kontaktlærer **10C**: Simon K. Hana og Trude Skodje

Gå inn på: www.minskole.no/fus. Her legg me ut vekeplanar og annan informasjon.

Skulen si e-mail adresse: froyland.ungdomsskule@time.kommune.no

Tlf.nr. 51 77 65 00

	Læringsmål denne perioden:
Norsk	Du skal vite kva dialekt og sosiolekt er, og du skal kunne dei fire dialektområda i Noreg. Du skal vite kva eit målmerke er, og du skal kunne ulike målmerke på dialektar rundt i landet. Du skal kunne fleire målmerke som kjenneteiknar Jærdialekten. Du skal kunne ein del om svensk og dansk, og du skal kunne språkhistorien slik at du veit kvifor nabospråka våre er så like norsk.
Engelsk	Du skal kunne bruke ord og uttrykk knytt til utdanning og yrkesval. Du skal kunne formidle eigne interesser, tankar og draumar for framtida både munnleg og skriftleg.
Matematikk	Du skal kunne forklare kva prosent er, og gjere omrekningar mellom prosent, brøk og desimaltal. Du skal kunne finne prosenten, med og utan formel. Du skal kunne finne vekstfaktor, og bruke denne i berekningar.
KRLE	Du skal kjenne til ulike etiske modellar og kunne reflektere rundt moralske problemstillingar og etiske dilemma. Du skal bruke etiske modellar som konsekvensetikk og pliktetikk
Samfunnsfag	Du skal kjenne til norske politiske parti og deira hjertesaker, og setje deg inn i Stortingsvalet 2025. Du skal vite kva eit demokrati og diktatur er, og kunne peike på sentrale skilnader.
Naturfag	Du skal kunne samanlikne nerve- og hormonsystemet. Du skal kunne dei viktigaste begrepa knytta til hormon, og hormonsystemet.
Tysk	Du skal kunne mange forskjellige vår-uttrykk. Du skal kunne bruke werden og bleiben i presens. Du skal kunne mange tidsuttrykk, og kunne fortelje om kva du gjer i ulike årstider. Du skal kunne seie kor tid du har fødselsdag, og kunne fortelje om korleis du feirar fødselsdagen din.
Engelsk fdj.	Du skal kunne ord og uttrykk knytta til val og yrkesval. Du skal kunne delta i aktivitetar om yrkesval.
Arbeidslivsfag	Du skal kunne presentere ein idé og plan for elevbedrifta di. Du skal kunne kome i gang med drifta av elevbedrifta di/dykkar.
Kroppsøving	Du skal kunne delta i planlegging av ein overnattingstur. Du skal kjenne til sporlaus ferdsel. Du skal gjennomføre overnattingstur og erfare å gå tur med sekk.
Musikk	Du skal vite kva eit blueskjema er. Du skal kunne spele eit blueskjema på gitar og piano.
K & H	Vi jobbar med collagen, og avsluttar arbeidet i veke 37.
Olweus	Klassemiljø og klassereglar

Diverse	Utdanningsval (UTV) Me skal ha ein ny periode med utdanningsval (UTV) i veke 39. Elevane har fått tildelt utdanningsprogram og må skaffe seg arbeidspraksis og ta med utfylt arbeidsavtale tilbake til skulen. Siste frist for dette er fredag 12.september. For fleire detaljar; sjå melding på Visma. <u>Veke 36</u> Måndag 1.- 2. september: Overnattingstur i kroppsøving. Sjå melding på Visma. Fredag 5.september: Målsjekk i naturfag – hormonsystemet. <u>Veke 37</u> Torsdag 11.september: Skriftleg prøve og fagsamtale i norsk, om dialektar og nabospråk. Fredag 12.september: • Målsjekk i matematikk • Siste innleveringfrist arbeidskontrakt i UTV <u>Veke 38</u> Onsdag 17.september: Fagsafari på Ruten, Sandnes (20 elevar) Torsdag 18.september: Vurdering i tysk Fredag 19.september: Innlevering i samfunnsfag.
---------	---

Heimearbeid veke 36	
Måndag 1	Overnattingstur
Tysdag 2	Overnattingstur
Onsdag 3	Lesing: Les 20 min i boka di og skrivlogg (klassedagboka).
Torsdag 4	Matematikk: Gjer heimearbeid veke 36 i OneNote. Ta bilete og legg inn det du har gjort. Hugs å vise utrekning og å ha god føring! Tysk: Gjer heimearbeid veke 36 i OneNote. Norsk: Gjer heimearbeid veke 36 på OneNote.
Fredag 5	Naturfag: Førebu deg til målsjekk. Læringsmåla som vart vurdert finn du på sidene på OneNote (dei de har arbeida med i dette tema). KRLE: Gjer ferdig kolonnetabellen på OneNote (på sida "Konsekvensetikk og Pliktetikk".
Heimearbeid veke 37	
Måndag 8	Naturfag 10A og 10B: Les eller lytt til side 79-85, og vel ut 5 omgrep du skal definer. Leksa finn du på OneNote, heimearbeid veke 37.
Tysdag 9	Engelsk: Gjer heimearbeid v. 37 på OneNote.
Onsdag 10	Samfunnsfag: Gjer heimearbeid v. 37 på OneNote. Lesing: Les 20 min i boka di og skrivlogg (klassedagboka). Naturfag 10C: Les eller lytt til side 79-85, og vel ut 5 omgrep du skal definer. Leksa finn du på OneNote, heimearbeid veke 37.
Torsdag 11	Norsk: Førebu deg til prøve/fagsamtale. Målark på OneNote. Tysk: Gjer heimearbeid veke 37 i OneNote.
Fredag 12	Matematikk: Førebu deg på vurdering i matematikk. Målark finn du på OneNote under "målark".

